




# FINNØY KOMMUNE

Etat for oppvekst kultur og omsorg (OKO-etat)



Det Kongelige utdannings- og  
forsningsdepartementet  
Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.: 05/1444-4

Arkiv: K2-A00,  
K3-&13

Dato: 03.02.2006

## FRISKULELOVA - HØYRING

Vi viser til brev datert .  
Her følger saksutgreiinga med vedtak:

## FINNØY KOMMUNE

### SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Sbh
Formannskapet	20.01.2006	006/06	REV
Kommunestyret	31.01.2006	003/06	REV

<b>Saksansvarleg</b> Reidulf Vignes	<b>Arkiv:</b> K2-A00, K3- &13 <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr</b> 2005001444
--	--	---------------------------------

## FRISKULELOVA - HØYRING

### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	16.12.2005	Det Kongelige utdannings- og forsningsdepartementet	HØRING - FORSLAG OM MIDLERTIDIG ENDRING I FRISKOLELOVEN - STOPP FOR GODKJENNING AV FRITTSTÅENDE SKOLER - FORSLAG OM ENDRING I FAGSKOLELOVEN

### Saksutgreiing:

Dette er ei saka som er heimla mellom to divergerande politiske grunnsyn. Det vil derfor ikkje vere rett at administrasjonen har noko spesielt sterkt syn i nokon retning. Ein vil ut frå det berre peike på nokre praktiske sider ved nåverande lov og forslag til endringar.

Finnøy Kommune  
Etat for oppvekst kultur og omsorg (OKO-etat)  
4160 Finnøy

Tlf.: 51 71 47 00  
Dir.: 51714730  
Faks: 51714701

Bankgiro: 3347 07 00195  
Org.nummer: 938633029  
E-post: post@finnoy.kommune.no  
Heimeside: www.finnoy.no

Slik det kan verke, er nåverande lov gitt ei utforming som langt på veg kan gi grupperingar styring over skulemønsteret både i kommunar og fylkeskommunar. Dette vil sei at dersom kommunestyret ville velje å leggje ned ein skulekrets på ei øy i Finnøy kommune vil truleg skulekretsen kunne oppretthaldast dersom folk på øya ville velje å skipe ein friskule. Dette ville kunne gje uheldige utslag. Det same vil kunne skje både i andre kommunar eller i fylker.

På den andre sida har er det ein del juridiske og moralske element i forhold til dei som i dag har søkt og fått lovnad etter gjeldande lov, og som nå vert stoppa i det dei er i ferd med å gå i gang.

Ut frå at denne saka er så sterkt politisk motivert vert saka fremja utan innstilling frå administrasjonen.

#### **FSK-006/06 VEDTAK 20.01.2006:**

Johan Halsne (KRF) sette fram slikt forslag:

- 1. Finnøy kommune støtter forslaget til midlertidig endring i friskulelova, som ikkje godkjenner friskular som ikkje utgjer eit religiøst eller pedagogisk alternativ til den offentlege skulen.*
- 2. Finnøy kommune meiner at allereide godkjende skular pr. 13. desember (som ikkje har starta opp, må få høve til å starte opp.*

Magnus Mathisen (SV) sette fram slikt forslag:

*Finnøy kommune gir sin støtte til det framlagde forslaget om midlertidig endring i friskulelova.*

Det vart først røysta over pkt. 1 i forslaget frå Johan Halsne opp mot forslaget frå Magnus Mathisen.

Forslaget frå Magnus Mathisen fekk 5 røyster (SP,SV og AP). Mindretalet på 3 (KRF og H) røysta for forslaget frå Johan Halsne.

Pkt. 2 i forslaget frå Johan Halsne fekk 4 røyster (KRF, H og ordføraren). 4 røysta mot dette punktet (SV, AP og SP minus ordføraren). Sidan ordføraren røysta for pkt. 2 er dette då vedtatt.

#### **KS-003/06 VEDTAK 31.01.2006:**

Terje Strøm (FRP) sette fram følgjande forslag:

*Finnøy kommune meiner at noverande lov om friskular skal vidareførast.*

Johan Halsne (KRF) sette fram følgjande forslag:

- 1. Finnøy kommune støtter forslaget til midlertidig endring i friskulelova, som ikkje godkjenner friskular som ikkje utgjer eit religiøst eller pedagogisk alternativ til den offentlege skulen.*
- 2. Finnøy kommune meiner at allereide godkjende skular pr. 13. desember (som ikkje har starta opp, må få høve til å starte opp.*

*Ottar Sandanger (DNA) sette fram forslag om berre pkt. 1 i formannskapstilrådinga.*


Det blei først røysta over forslaget frå Terje Strøm (FRP), som fekk 5 røyster (FRP, H, Tor Øystein Nærland KRF) og falt.

Deretter blei det røysta over pkt. 1 i forslaget til Johan Halsne (KRF), opp mot formannskapstilrådinga pkt.1/forslaget til Ottar Sandanger (DNA).

Formannskapstilrådinga/forslaget frå Ottar Sandanger (DNA) blei vedteke med 14 røyster. Mindretalet på 11 (KRF, H og FRP) røysta for forslaget til Johan Halsne (KRF)

Pkt. 2 i forslaget til Johan Halsne (KRF)/formannskapstilrådinga pkt. 2 blei vedteke med 13 røyster (KRF, H, FRP, V og Jorunn Strand Vestbø SP). Mindretalet på 12 røysta mot.

Med helsing

  
Reidulf Vignés  
kommunalsjef